



Referat frå elevrådsmøte 13.11.20

Alle elevane møtte bortsett frå vara på 4. årssteg.

Elevane ynskjer nye klasseballar. Ballane forsvinn fordi elevane ikkje tek dei inn etter friminutta. Rektor kjøper inn nye klasseballar til alle årsstega mot at dei lovar å ta betre vare på dei.

Elevane ynskjer at me byter om på sonene nede på skuleplassen. Dette for at alle skal få bruke leikeapparatene. Rektor skal sjå på dette og gje beskjed dersom det let seg gjere.

2. årssteg ynskjer seg eit klassedyr og føreslår eit pinnedyr eller ein iguan. Rektor seier at dei kan få eit pinnedyr dersom det er greitt for kontaktlærar. Kontaktlærar må då kome og snakke med rektor om dette først.

Elevane ynskjer seg hoppetau, benkar og bosspann på skuleplassen. Rektor har ingen til å tømme bosspanna og det er ikkje lov å ta med mat ut, så det går ikkje. Det er ikkje pengar til å kjøpe fleire benkar, men hoppetau skal kjøpast inn.

Elevane opplever at dei vaksne som har tilsyn ute i friminutta ikkje bryr seg om elevane. Dei opplever at dei vaksne ikkje ser elevane og når noko går galt. Dei seier òg at dei vaksne ikkje ordner skikkeleg opp når det blir kranglar. Rektor seier at det ikkje er slik at dei vaksne ikkje bryr seg, og at av og til ordner dei vaksne mykje i ting som ikkje er synleg for alle elevane. Rektor vil likevel melde dette vidare til dei vaksne slik at alle er klar over det.

Elevane som har læringsareal i 2. høgda opplever mykje bråk i gangane når elevane skal gå frå eitt rom til eit anna, t.d. frå læringsareal og til forskarrommet/musikkrommet/biblioteket. Lærarane må vere flinke til å få elevane til å gå stille og ikkje snakke og rope.

Linda Selheim

Rektor og referent